



Villaksen er vakrere å sjå til enn oppdrettslaksen

Fisket i Uskedalselva, som starta 15. juni, held fram med gode fangstar også i månad nummer 2 trass i strenge restriksjonar også denne sommaren. Elveeigarlaget kan melde at det til og med 14. juli er fanga 182 kilo laks og sjøaure medan totalresultatet ifjor sommar var 83,8 kilo. Ein av grunneigarane har fått rundt 10 kilo åleine og den største fisken som er teke så langt i sommar er på 10 kilo.



Eit interessant og spennande poeng er andelen av villaks og sist fredag var Unimiljø på ein tellerunde i denne elva og andre elvar etter oppdrag frå fylkesmannen i Hordaland. På grunn av feriefråver føreligg det så langt ikkje noko endeleg telleresultat, men det var allereie før tellinga klårt at det er teke villaksar også i vår elv denne sommaren. Det har som kjent funne stad ein omfattande rømming også i den seinare tid.

Hos fylkesmannen får uskedalen.no opplyst at tellinga sist fredag var problematisk på grunn av mykje vatn og innskrenka seg til den nedre del av elva. Tellarane såg 4 oppdrettslaksar og 30 villaksar men det vert understreka at tala er usikre og vil verta justert etterkvart. Det vart sett 38 sjøaurar.

Ellers påpeikar fiskeveteranar i Uskedalselva at andelen av sjøaure så langt i år er overraskande lite, noko dei trur skuldast sviktande innrapportering frå fiskarane.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Privat